



Forskrift om skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2025-2026 i Kinn kommune

Heimel

Vedtatt av Kinn kommunestyre 17.09.2024, med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd.

§ 1 Formål og virkeområde

Forskrifta gjev informasjon om skuledagar, ferie og fridagar for elevane i grunnskulen i Kinn kommune skuleåret 2025-2026.

Elevane har rett og plikt til å møte på skulen dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for elevane ved alle grunnskulane i Kinn kommune, skuleåret 2025-2026.

§ 2 Skuledagar, ferie og fridagar skuleåret 2025-2026

Månadane:	Tal skuledagar:
AUGUST 2025 Første skuledag: måndag 18. august	10 dagar
SEPTEMBER 2025	22 dagar
OKTOBER 2025 Haustferie: måndag 6. til fredag 10. oktober (v. 41)	18 dagar
NOVEMBER 2025	20 dagar
DESEMBER 2025 Siste skuledag før jul: fredag 19. desember Juleferie: måndag 22. desember 2025 – fredag 2. januar 2026	15 dagar
JANUAR 2026 Første skuledag: måndag 5. januar 2026	20 dagar
FEBRUAR 2026 Vinterferie: Måndag 16.februar – fredag 20. februar (veke 8)	15 dagar
MARS 2026	20 dagar

Siste skuledag før påske fredag 27. mars
Påskeferie: mandag 30. mars – mandag 6. april
Første skuledag etter påske: tysdag 7. april

APRIL 2026 18 dagar

MAI 2026 17 dagar

Fridag for elevane: fredag 1. mai (Arbeidernes friheitsdag)
Fridag for elevane: torsdag 14. mai (Kristi Himmelfartsdag)
Fridag for elevane: fredag 15. mai
Fridag for elevane: mandag 25. mai (2. pinsedag)

JUNI 2026 15 dagar

Siste skuledag : fredag 19. juni

Sum: **190 dagar**

§3 Iverksetting og opphøyr

Denne forskrifta gjeld frå 01.08.2025 og opphøyrer 31.07.2026.